



BIG BANG: Ein alltid like engasjert Knut Jørgen Røed Ødegaard i aksjon på Sæbø onsdag kveld.

Ei reise i rommet

RADØY: - Oh boy... Der hadde ikkje eg likt å vera! Roper ein liten gut frå salen. Det er onsdag kveld på Sæbø skule, kor kjendis-astronomen Knut Jørgen Røed Ødegaard held eit overveldande føredrag for store og små om det spektakulære universet.

INE ANDREA ERTVAAG

Med sin enorme entusiasme for faget sitt, greidde Røed Ødegaard å fenge både femåringane og syttiåringane denne kvelden.

Bang!

Det som fekk den vesle guten til å komme med kommentaren sin, var bileta av ei stjerne i eit fjernt solsystem der Røed Ødegaard fortel at temperaturen er kvelande seksten hundre grader. Denne sola var berre ein av mange himmelfenomen han lærde sitt fascinerte publikum om på føredraget "Bang" Kollisjonar og eksplosjonar i verdensrommet!", som er ein del av undervisningsopplegget "Stjerneklårt på prærrien". Opplegget er arrangert av Vestnorsk utvandringscenter, og dei har vore på

turné i ein månads tid.

Forutan varme stjerner ein skal vera glad for at er lokaliserte mange lysår unna oss på jorda, fortalde den entusiastiske astronomen om alt frå svære kometar, trugande svarte hol og planetar dekkja av gass, til enorme asteroidebelte og korleis det vi ser i verdensrommet i dag, eigentleg er slik det så ut for milliardar av år sidan. Det var liten tvil om at Røed Ødegaard greidde å gjera inntrykk på forsamlinga. På første rad satt ungane benka, alle som ein med måpande fjes og høge gisp.

Det skumle er mest spennande

Det var liten tvil om kva som gjorde mest inntrykk på den

ynge garde, spesielt gutane. Alt som vart fortald om svarte hol, enorme eksplosjonar og svære meteorittar som kjem susande frå verdensrommet, slukte dei med skrekkblanda fryd.

Då Røed Ødegaard fortalde om korleis dinosaurane for 160 millionar år sida blei utsletta av ein femten kilometer brei meteoritt som kom skytande frå rommet, blei heile gymsalen fylt av eit gjennomgåande "woow". Vidare kunne han fortelje at sjølv om det meste liv vart utrydda, greidde ein museart å overleva dei fatale etterverknadane, og det er denne musa som er grunnen til at menneska finst den dag i dag.

Ein meteoritt i handa

Med seg til Sæbø hadde astronomen

men to vaskekte meteorittar som fall ned i ørkenen i USA for femten tusen år sida. Desse vart sendt rundt.

- Den var faktisk veldig tung, fortel Kamilla Mangerøy (11) og Jeanette Espenes (11). Dei to jentene hadde benka seg aller fremst i salen, og følgde nøye med. At dette er spennande saker, det er dei heilt samde om.

- Det er så mykje fascinerande som skjer, så mye fantastisk som ein ikkje veit, men kan læra om, seier Kamilla med store auge. Venninna nikkar.

Det meste med verdensrommet er interessant, fortel dei - sjølv om noko er litt skremmande òg. Kamilla vedgår at ho ikkje liker så godt å høyre om akkurat dèt.

Naturfag

På skulen har Kamilla og Jeanette nettopp lært om solsystemet vårt i naturfagstimane, difor er det ekstra spennande å vere på føredrag no. I tillegg til å høyre på eksperten, har dei vore innom planetariet som har vore med på turneen til Vestnorsk utvandringscenter. - Det er akkurat som ein ser opp i stjernehimmele, fortel Kamilla entusiastisk. - Ja, ein kan sjå Karlsvogna! Legg Jeanette til. Dette er likevel ikkje første gongen dei har vore inne i et planetarie og sett stjernehimmele heilt på kloss hald. Klassen deira har hatt besøk av VilVite senteret tidlegare, dei same som har lånt ut planetariet sitt til denne turneen, så jentene fekk det med seg då også.



SIGNERER: Liten tvil om at kjendis-astronomen er ein populær kar.



NATURFAG: Kamilla (t.v.) og Jeanette er fascinert over det dei får høyra. Dette passar godt til naturfagpensum, der dei nett har hatt om solsystemet.